



Månadsbrev februar 2025

Januar vart full av vêr og mykje god jobbing, med flotte innslag i kvardagen som morgonsamling v/mellomtrinnet og besøk av "The Sensory Roller Coaster" på ungdomstrinnet. Eg vonar de har lese grundig gjennom informasjonen om UngData-undersøkinga på ungdomstrinnet og mellomtrinnet på Visma flyt skule. Det er mogleg å reservera seg, eller å berre svara på delar av undersøkinga for elevane.

Februar startar med morgonsamling av 3. og 4. klasse 3. februar og ski-aktivitetsdag og markering av samane sin nasjonaldag blir 6. februar. Tysdag 11. februar er det den store skulekinodagen, der 1.-6. klasse ser *Innsiden Ut 2* og 7.-10. klasse ser *Nr. 24*. Det blir heile dagen på Tonstad, men kva som skjer, kjem me attende til på morgonsamlinga.



14. februar kjem ADM duo 24-25 på besøk i ungdomsskulen (og kanskje mellomtrinnet) med "hits fra kjente EDM-artister, og bearbeider disse til å svinge og groove uten datamaskinens mange lydlag. Elevane får blant annet høre hvordan Avicci's "SOS" høres ut i country-sjangeren, og Ed Sheerans "Bad Habits" som jazzlåt.

I tillegg får elevane være med å skape lydbildet med bodypercussion på utvalgte låter. ADM - Acoustic Dance Music - står i kontrast til EDM - Electronic Dance Music. I denne produksjonen brukes kun kontrabass/elbass og vokal/piano for å gjenskape EDM hits på en helt ny, og lærerik måte." [ADM duo 24-25 | Agder DKS](#). Me avsluttar månaden med Abeldag fredag 21. februar.



Mellomtrinnet les ivrig for å få leselodd og gevinst, og 6. og 7. har vore lesekonsulentar på siste manuskript i Trollheimserien. Elevane hadde mange innspel, og forfattaren takkar for god hjelp som han nytta i ferdigstillinga av boka.

Saknar du noko? Det ligg att mykje klede på bordet i inngangen til garderobane, så tar du ein tur innom innan onsdag, hamnar dei ikkje i den raude attvinningsboksen. Det er lite berekraftig, og kan bli unødvendig dyrt.

Som de veit slutta Einar 31. januar, og det blir ei løysing internt den første månaden før ny tilsett byrjar 3. mars. Det er endringar på SFO òg, for når Nancy Marie byrjar i Tonstad barnehage, overtar Helene hennar stilling og Dorota Helene sin. Anne May er i praksis i veke 6 og 7, og så var det plutselig vinterferie. Bruk han godt!

Sinnes 01.02.25, *Ase-Berit* (rektor)